
Vår referanse 2020/62754-1
Dato 26.08.2020

Til Landbruks og matdepartementet
ved Landbruks- og matminister Olaug Vervik Bollestad

Stor investeringsvilje i landbruket i Vestland – behov for meir IBU-midlar

Investerings- og bedriftsutviklingsmidlane (IBU-midlar) for Vestland er på 72 millionar for 2020. Grunna stor etterspurnad er IBU-ramma for Vestland nesten oppbrukt no. Innan tradisjonelt landbruk vert IBU-midlar nytta til investeringar i produksjonsanlegg, driftsbygningar, investeringar innan frukt og bær, kjøp av produksjonsutstyr og anna. Eigarar av landbrukseigedomar kan også søkje om IBU-midlar til å utvikle tilleggsnæringar på garden.

Innovasjon Norge Vestland melder om stor interesse frå landbruksnæringa i regionen for å investere. Innovasjon Norge reknar med eit behov på 34 millionar kroner i Vestland for resten av 2020. Fordeling: 12 millionar kroner til mjølk, 6 millionar kroner til sau, 6 millionar kroner til andre husdyr, 4 millionar kroner til tilleggsnæring og 6 millionar kroner til grønt.

Vestland er eit grasfylke og mjølk er den berande produksjonen. Vestland har stort behov for å legge om til lausdrift for å møte lausdriftskravet som kjem i 2034. Det er behov for 26 nye fjøs i året fram mot 2034, dersom mjølkeproduksjonen i Vestland skal vidareførast som lausdriftsfjøs. Då er det særst gledeleg å sjå den viljen bøndene har til å investere. Det er uheldig om investeringsviljen blir stoppa av mangelen på mildar.

Landbruket utløyser investeringar i andre sektorar, og Innovasjon Norge reknar med at IBU-midlar i 2020 utløyser totalinvesteringar på oppunder 200 millionar kroner i mjølkeproduksjonen i Vestland. I tillegg kjem investeringar knytt til ungdyr, ammekyr og andre produksjonar.

Deler av næringslivet i Vestland er hardt råka av korona-pandemien. Lokalsamfunna treng arbeidet som investeringar i landbruk utløyser. Vestland fylkeskommune oppmodar Landbruks- og matdepartementet om å tilføre meir investeringsmidlar til landbruket for hausten 2020, og nytte investeringsviljen i landbruket til å halde bedrifter i gang og folk i arbeid i ei krevande tid.

Med Helsing



Jon Askeland
Fylkesordførar
Vestland fylkeskommune